KFUK KFUM Sogn & Fjordane

DEN NORSKE KYRKJA

PROSJEKT

“Berekraftig ungdomsarbeid i Gloppen”

Arbeidsgruppe 3
Anbefaling 3
Bakgrunn 4
Tilbod av ikkje-religiøs karakter: 5
Tilbod av religiøs karakter 6
Arbeidsmetodikk 7
Ressursar og budsjett 9
Organisasjonsforankring 10
Forslag til tidsplan for prosjektet 12
Risikoanalyse 12
Etter prosjektet er ferdig 13

Arbeidsgruppe

KFUK KFUM Gloppen
KFUK KFUM Sogn og Fjordane
Breim sokneråd
Gloppen sokneråd
Soknepresten i Gloppen
Gloppen kommune

Initiativtaker:
KFUK KFUM Gloppen
KFUK KFUM Sogn og Fjordane

Medlemmar i arbeidsgruppa

KFUK KFUM Gloppen	Unni Lundgren
Breim sokneråd	Venke Raad Larsen
Gloppen sokneråd	Eivind Nilsen
Gloppen kommune	Åslaug Haugset
Sokneprest i Gloppen	Vidar Bjotveit
KFUK KFUM Sogn og Fjordane	Stein Robert Osdal

Anbefaling

Arbeidsgruppa anbefaler dei involverte partane, det vil seie sokneråda, fellesrådet og KFUK KFUM Gloppen, å slutte seg til prosjektet “Berekraftig ungdomsarbeid i Gloppen”, slik det er lagt fram i denne rapporten

1. KFUK KFUM Gloppen er prosjekteigar.
2. Involverte partar sett ned ei styringsgruppe som skal jobbe med å få etablert eit prosjekt med oppstart 1. januar 2024. Alle involverte partar rett på ein plass i styringsgruppa.
3. Involverte partar vedtar sitt økonomiske bidrag til prosjektet slik at styringsgruppa har eigenkapital når ein skal søkje eksterne midlar til prosjektet.

Bakgrunn

Generelt

Denne rapporten er ei førebuing til eit prosjekt for eit berekraftig ungdomsarbeid i Gloppen. Den er utarbeidd av ei gruppe av representantar frå Breim og Gloppen sokneråd, tilsette på kyrkjekontoret, Gloppen kommune og KFUK KFUM Gloppen og Sogn og Fjordane

Formålet med arbeidet i gruppa var å kartlegge moglegheiter og utfordringar med det kyrkjelege ungdomsarbeidet i Gloppen. Vi har sett spesielt på aldersgruppa 13-15 år, men har og hatt eit viktig sideblikk på aldersgruppa 10-13 år. Det kan gjennomførast enkle tiltak mot 5-7.klassingane som eit rekrutteringstiltak mot tilbod for 8. klasse og oppover..

Plattformen Kirkens Unge[1] ligger til grunn for arbeidet med å etablere prosjektet.

UngData og trendar

Tall frå UngData i Gloppen[2] viser at Gloppen kjem betre ut enn andre kommunar det er naturleg å samanlikne med når det gjelder fråfall frå organisert aktivitet. Ungdom i Gloppen scorer også betre på fysisk og psykisk helse. Likevel har den siste UngData undersøkinga frå 2021 klare teikn på dropp i ulike faktorar samanlikna med ungdersøkinga i 2017. Droppa er dei same som ein ser nasjonalt. Særleg gjeld dette fråfall frå organisert aktivitet. Det er for tidleg å seie om dette er ein trend eller ein midlertidig dropp i samband med pandemien. Det er viktig å følge med på utviklinga og å ha god bakgrunnskunnskap når vi skal skape eit godt tilbod for ungdom.

Ein observasjon blant dei som jobbar med ungdom er at det kan være vanskeleg for mange unge å følge opp og gjennomføre avtaler. Kan dette skuldast at ungdom har levd i ein gjennomorganisert kvardag, og dermed har den kreative og utøvande sansen i mindre grad vorte stimulert[3]. Bildet er sjølvsagt nyansert, men forskning på ungdomsarbeid seier tydeleg kor viktig det er å involvere ungdom, gje ungdom ansvar, backe dei og gi dei nok støtte underveis slik at dei kan få verktøy for å prege tilbodet dei er med på.

Ser man historisk på det kyrkjelege tilbodet for ungdom i Gloppen (inkludert tilbod i regi av frivillige kristne organiasjonar) så har tilbod for ungdom vorte merkbart redusert dei siste åra. Berre i KFUK KFUM så har ein dei siste 20 åra mista to store

---

[1] 2020-05-14 Kirkens unge.pdf
[2] PowerPoint-presentasjon (ungdata.no)
[3] Eksperter slår alarm om barn: - De mister fantasien (tv2.no)

tilbod: speidararbeidet og Ten-Sing. Dette er ein trend ein ser både i Vestland og nasjonalt:
"*Enkelte medlemsorganisasjonar opplever fråfall, andre vekst. Færre er medlemer i ideologiske, verdiorienterte organisasjonar og fleire i organisasjonar der ein kan utfalde seg fysisk eller kulturelt.*" [4]
Kjelde: Kunnskapsgrunnlaget for frivillig sektor i Vestland - Vestland fylkeskommune

Arbeidsgruppa har ikkje innhenta opplysningar utanfor gruppa, men sitt til saman på kompetanse om både det som har skjedd tidlegare og det som rører seg innan ungdomsarbeid i Gloppen i dag.

Eksisterande aktivitetar
I Gloppen finst det mange gode tilbod for ungdom, gjennom organiserte aktivitetar som t.d. idrettslag og kulturskule. Arbeidsgruppa vil fokusere på dei opne møteplassane for ungdom, der det ikkje er ein bestemt aktivitet dei samlast om.

Tilbod av ikkje-religiøs karakter:

- Subben er ein ungdomsklubb på Sandane for 8. klasse og oppover. Den er open kvar fredag kl.19-22, og er i hovudsak frivillig drevet gjennom eit samarbeid med FAU. Subben samarbeider med Firda VGS om lokale og utstyr, blant anna til gaming, som er ein populær aktivitet i klubben. Ulike aktivitetar og samarbeid har vore testa ut sidan klubben opna i april 2022. Subben har eit ungdomscrew som er med å forme tilbod og aktivitetar i klubben.
- På Breim er det ein ungdomsklubb i regi av idrettslaget: Idrettsklubben. Den har vore godt dreve i mange år.
- I Hyen har det også vore ungdomsklubb i mange år: Møteplassen. Den har eige lokale i samfunnshuset, pussa opp av ungdomane sjølv.
- Firda VGS driv Open skule, som er eit ope tilbod til ungdom i alderen 16-20 år. I praksis er det mest Firdaelevar som nytter tilbodet. Ope kl. 17-22 tre kveldar i veka, det er matservering og mange ulike aktivitetar. Eiga gruppe av ungdommar er med å planlegge tilbodet. Dette er eit viktig tilbod for hybelbuarar.

I tillegg driv Gloppen kommune prosjektet «Ungdomsengasjement i Gloppen» med eit sterkt fokus på elevmedverknad i skulen og ungdomsmedverknad generelt. Prosjektet går frå 2021 til 2025, og har som hovudmål å gjere ungdom i Gloppen betre i stand til å ta ansvar for si eiga helse, sin eigen kvardag og lokalmiljøet sitt. I ungdomsklubbane har vi opne møteplassar i alle delar av kommunen, der ungdom

[4] 8-mai-2021-kunnskapsgrunnlag-frivillig-sektor.pdf (vestlandfylke.no)

har høve til å kome med idear og ta på seg ansvar for tilbodet til si eiga alderssgruppe. Gjennom prosjektet lyser Gloppen Ungdomsråd ut midlar til ungdomsstyrte tiltak i ungdomsklubbane og i regi av idrettslaga. Erfaringa frå prosjektet så langt er at ungdom er ikkje er vant til å jobbe fram aktivitetar og tilbod sjølv. Skal vi lukkast i å skape engasjement, initiativ og evne til dette må vi jobbe med det over tid, og på ulike arenaer. Prosjektet er no halvvegs, og vi begynner å sjå resultat.

Tilbod av religiøs karakter

1. Kyrkja i Gloppen når breitt ut med konfirmanttilbodet sitt, og når ca 85 % av årskulla. Det er få tilbod til ungdom etter konfirmanttida.
2. Trusopplæringsarbeidet har tiltak opp til 12 år, men har ikkje tilbod for aldersgruppa 12 år til konfirmasjon, og heller ikkje etterpå, opp til 18 år. Viser til heimesida til kyrkja i Gloppen for ytterligare detaljar om det lokale arbeidet.[5]
3. Ope hus som er dreve av Gloppen KFUK-KFUM. Det er eit ope tilbod for ungdom frå 8. klasse og oppover. Dei siste åra har det vore mest konfirmantar som har nytta seg av tilbodet, men frå hausten 2022 har deltakinga auka og fleire 10.klassingar har møtt opp. Elevar frå vidaregåande skule har vore nærast fråverande dei seinare åra.
4. Skulelaget på Firda, 4-10 ungdomar samlast regelmessig.
5. Møtepunkt Ung: ein liten gjeng ungdom samlast regelmessig.
6. Søndagsskulen på Vereide med ungdomsleiarar
7. Soul Children og Soul teens

For å styrke dei tilboda som finst, vidareutvikle dei og skape rom og engasjement for nye tiltak for og av ungdom meiner arbeidsgruppa det er behov for samarbeid over tid. Vi viser også til “modell for berekraftig ungdomsarbeid” under.

[5] Kristent arbeid for barn og unge (kyrkja.no)

Føremål

Kyrkja og KFUK KFUM ynskjer å vere med å tilby gode og relevante fritidstilbod for ungdom i Gloppen. Vi ynskjer å skape eigne tilbod der det er mogleg, og samarbeide med andre der det er mogleg. Vi ynskjer gjennom eit berekraftig ungdomsarbeid å ha fokus både på det kristne tilbodet og det livssynsopne tilbodet. Vi ynskjer å skape ei bevisst haldning til desse to ulike formane. Vil ynskjer å bygge opp kompetanse og skape gode verktøy som gjer oss truverdige i arbeidet.

Vi bygger på kyrkja sin diakoniforståing:
"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Omsorgen visast gjennom inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd."[6]

Og på KFUK KFUM sin ideologiske rettleiar:
"Alt vi gjør på alle arenaer kan kalles livssynsåpen diakoni. (Diakoni = Kirkens omsorgstjeneste, evangeliet i handling uttrykt gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet.)
Alt arbeid skal være åpent for alle som ønsker å delta. Samtidig er det viktig for oss å være ærlige på hva slags fellesskap vi inviterer unge inn til på ulike arenaer. Der det inviteres til kristne fellesskap vil unge mennesker møte eksplisitt kristen forkynnelse. Der vi inviterer til livssynsåpne fellesskap vil KFUK-KFUM sin ideologi og verdier gi rammene for aktiviteten. Sammenheng og målgruppe avgjør graden av eksplisitt kristen formidling." [7]

Arbeidsmetodikk

Arbeidsgruppa sitt mandat er å sjå på moglegheitene for eit bærekraftig ungdomsarbeid i Gloppen. Med berekraft meiner vi at dei tilboda som vert etablert har nok ressursar til å halde fram på varig basis, og at dei er innretta slik at ungdom har reell medverknad på konsept og innhald. Prinsippet "først kven - så kva"[8] vert lagt til grunn for dette.

---

[6] Diakoni - Den norske kirke (kirken.no)
[7] KFUK-KFUM Norge - Ideologisk Veileder
[8] førsthvem-såhva.pdf

Arbeidsgruppa meiner at arbeidet i prosjektet skal rettast mot fire pilarer:

⇛	Konfirmantarbeidet - attraktivitet og fokus i og etter konfirmanttid
⇛	Ope Hus - utvikle tilbodet og fokus på ungdomsinvolvering
⇛	Trusopplæring og kobling mot det eksisterande tilbodet
⇛	Gode og eigna samarbeidsformer med andre tilbod i kommunen

Arbeidsgruppa har definert si oppgåve som å legge fram eit beslutningsgrunnlag for om vi skal setje i gang eit prosjekt for eit berekraftig ungdomsarbeid i Gloppen. Vi kjem ikkje med ei opplisting av moglege tilbod som vi kan sette igang, det er noko som må utviklast i prosjektet. Vi ynskjer derimot å sette fokus på nokre viktige faktorar som ein bør ha med seg i vidare arbeid:

1. Kyrkja og KFUK KFUM (Vi) må vere tilstades der ungdom møtast.
2. Tiltak i prosjektet må ta utgangspunkt i ungdommens engasjement, ønsker og behov.
3. Vi må kunne samarbeide breitt, og samstundes skape eigne aktivitetar og opplegg.
4. Vi må koble prosjektet mot allereie eksisterande tilbod i kyrkja og organisasjonar, og søkje å få ein heilskap.
5. Vi vil gi ungdom kontaktpunkt utanfor kommunen, som leirar og festivalar.

Erfaringane frå dei som har lukkast, og forskning utarbeidd av Oslo Met[9] viser at ungdomsinvolvering ein viktig nøkkel for å skape relevante og gode tilbod til målgruppa. ABCD metoden[10] kan vere eit verktøy å bruke i ungdomsinvolveringa. Modellen under viser kva som skal til for at eit ungdomsarbeid skal vere bærekraftig og attraktivt.

Litt om orda som blir brukt i den blå sirkelen:
Ildsted er ein arena der ungdom kan møtast, men det er meir enn det; det er ein plass dei kjenner tilhøyre til og kan vere med å utforme. Det er “deira plass”.
Ildsjel er ein person, ung eller vaksen, med engasjement. Det kan vere langvarig eller kort, breitt eller for ei bestemt sak. Det er nokon som brinn for noko, og vil gjere

[9] Et sted å være ung - Et sted å være ung (oslomet.no)
[10] ABCD - styrkebasert tilnærming.pdf

ein innsats for å få det til. Vi treng ildsjeler som kan ta på seg ansvar over tid, men vi treng også dei som flammer opp og er villig til å gjere ein innsats i eit kortare tidsrom. Tilbodet er det varige, faste som ungdomane kan kome til jamnleg. Attraksjonar er det i tilbodet som variere over tid, og det vi gjer for å synleggjere tilbodet utad og invitere inn. Dette heng sjølvsagt tett i hop med den ytste ringen; rekruttering av medlemmer og frivillege.



Modell for bærekraftig ungdomsarbeid.

Resursar og budsjett

Kyrkja har i dag ein stor portefølje av oppgåver som skal løysast, og i mindre grad kapasitet til å kunne starte nye prosjekt. KFUK KFUM sitt i dag med ein base av frivillige, men har ingen lønna medarbeidarar. Kapasiteten er ikkje tilstades for å sette i gang nye prosjekt.

Derfor vil arbeidsgruppa anbefale at ein jobbar vidare med å få på plass ein prosjektleiar som i lag med kyrkja og KFUK KFUM kan utvikle relevante tilbod for ungdom i Gloppen.

Eit prosjekt må ha tid for å få sjansen til å lukkast, derfor anbefaler arbeidsgruppa at ein har eit 3-årig prosjekt. Der den som eventuelt vert tilsett får ei prosjektstilling med ein konkret start og sluttdato.

Eit kostnadsbilde for eit hovudprosjekt ser slik ut men arbeidsgruppa vil understreke at før ein sett i gang eit hovudprosjekt, så må ein utarbeide eit meir detaljert budsjett for prosjektperioden sjølve stillinga er fullfinansiert.

Under viser kostnaden per år i prosjektperioden om vi går for ei 50% eller 100% stilling til prosjektleiar.

Vi har laga eit forslag til 3-årig budsjett som kan vere rettleiande i samband med eit eventuelt vedtak.

Kategori	**100 %**	**50 %**
Løn og sosiale kostnadar (500 000 kr i årsløn)	642 000 kr	308 000 kr
Driftskostnad, marknadsføring o.l	35 000 kr	45 000 kr

Prosjektet budsjetterer med lite til drift. Tanken er at tiltak skal finansierast med prosjektmidlar. Det er lett å få prosjektmidlar til aktivitet og drift, men i mindre grad til løn og administrative kostnadar. Det reelle budsjettet vert derfor mest sannsynleg større enn det tabellen over syner, og det som er vedlagt som forslag til 3-års budsjett.

Når det gjeld ressursar, må vi også vurdere korleis skal vi lønne/belønne ungdom som involverer seg som leiarar i det lokale arbeidet. Kva nivå skal vi legge oss på her? Skal det vere lønna arbeid eller frivillig innsats, gjerne med belønning undervegs i form av gåvekort, leiar-tur eller andre gode. Dette er ei sak som kanskje kan løysast ulikt mellom kyrkja og KFUK KFUM. Det er viktig å ha ein tett dialog mellom kyrkja og KFUK KFUM om dette, sånn at ein unngår konkurransevridning.

Forankring

I utgangspunktet så er dei to modellane som er vist under likestilte med tanke på resultatoppnåing. Det som veier tungt i arbeidsgruppa si anbefaling er å sikre ekstern finansiering samt at ein organisering i organisasjon i større grad er med å

styrke både kyrkje og organisasjon. Ein organisering i kyrkje kan skape mindre resultat for organisasjon. KFUK KFUM har som ein frivillig organisasjon fleire høve til å søkje ekstern part om finansiering enn kyrkja som organisasjon kan. Einingar som vert etablert har og gunstigare ordningar, til dømes høve til å søke frifond.

Kirkens Unge uttaler klart at "*Vi vil at alt kontinuerlig barne- og ungdomsarbeid i Den norske kirke organiseres som del av en frivillig barne- og ungdomsorganisasjon sitt medlemsbaserte arbeid, jfr. Plan for Trosopplæring og vedtak i Ungdommens Kirkemøte.*"

Arbeidsgruppa viser under to 2 modellar for forankring for eit berekraftig ungdomsarbeid lokalt.

Modell kyrkje	Modell KFUK KFUM
1. Prosjektleiar er tilsett hos fellesrådet og har lokal arbeidsleiing 2. KFUK KFUM gjev tilskot til prosjektet 3. Ei styringsgruppe bestående av kyrkja og KFUK KFUM styrer prosjektet.	1. Prosjektet er eigd av KFUK KFUM, men styringsgruppa utnemnt lokalt har styring over innhald og drift av prosjektet 2. Prosjektleiar er tilsett i KFUK KFUM, og har krinsen som næraste arbeidsgjevar. 3. Prosjektleiar har sitt daglege verke i Gloppen, og har kontorplass på kyrkjekontoret på Sandane
Fordeler: 1. Nærleik til kyrkjelege tilsette og same arbeidsgjevar.	Fordeler: 1. Kan få vitalisert og bygd opp hovudforeining som ein strategisk og viktig samarbeidspartnar med kyrkja lokalt.
Ulemper: 1. Vi vil i mindre grad ha høve til å søkje eksterne midlar som t.d. BufDir, Gjensidigestiftinga osb.	Ulemper: 1. Prosjektet vert i mindre grad kobla til den ordinære drifta til kyrkja.

2. KFUK KFUM får i mindre grad gevinst gjennom rekruttering til hovudforeining og mykje ansvar vil falle på frivillige krefter.	

Anbefaling:

Arbeidsgruppa anbefaler at KFUK KFUM Gloppen eig prosjektet. Styringsgruppa for prosjektet bør ha representantar frå sokneråda og frå hovudforeninga

Forslag til tidsplan for prosjektet

Tidsplan - prosjekt berekraftig ungdomsarbeid					
Oppgåve/ tidsplan	**Juni - 23**	**September - 23**	**September - januar**	**Januar eller august**	**3 år**
Lansering av prosjekt					
Vedtak prosjekt					
Finansierings-prosess					
Start prosjekt					
Prosjektperiode					

Risikoanalyse

Eit prosjekt har alltid ein risiko. Det kan vere at ein ikkje kjem i mål økonomisk, og må avslutte prosjektet, til dømes fordi ein av partane trekker seg frå prosjektet. Ein

kan også oppleve at den som er tilsett som prosjektleiar ikkje klarer å fylle rolla, eller det kan bli usemje om innhald, arbeidsform, prosess eller resultat.

God kommunikasjon i styringsfruppa og mellom styringsgruppa, kyrkja og KFUM KFUM lokalt og regionalt er viktig for å redusere risikoen for dette. Det er viktig å ha med seg tanken på risikofaktorane frå starten og jobbe grundig for å unngå at prosjektet strandar.

Arbeidsgruppa peikar på at i eit slikt prosjekt må forankringa vere i boks! Alle partar må vite kva ein går inn i, og halde dei forpliktingane ein tar på seg. Det vil som sagt vere viktig med god dialog gjennom heile prosjektperioden, og tvistar osb må avklarast så raskt som råd. Ein får ikkje alt i eit felles prosjekt, men alle må føle at dei får nytte av det, slik at det er interessant å vere med i prosjektet.

Etter prosjektet er ferdig

Styringsgruppa for prosjektet må evaluere og jobbe fram ein plan for om prosjektet skal implementarast i ordinær drift eller avsluttast når prosjektperioden er over. Arbeidet i prosjektfasen må ha eit fokus mot prosjektslutt, og at dette skal bære seg økonomisk etter at prosjektperioden er over.